




Avskyting og sett — hjort statistikk frå Sørsida

Me har også i år laga nokre små hefte om avskytinga og sett hjort dataa frå dei ulike områda. Dette heftet er laga kun for dykkar område medan det er laga ei eiga og meir heildekkande informasjonsbrosjyre om utviklinga av hjortebestanden i Luster som nok er meir informativ. Denne brosjyra vil valdeiarane få tilsendt i posten medan dei andre finn både denne og brosjyra "Hjort i Luster kommune" på heimesidene til Luster kommune under natur, vilt og fiske.


Jaktresultat 2001–2007

Avskyting Sørsida



Ein ser at avskytinga har teke seg jamt opp dei siste åra, og var i 2007 på 79 dyr. Sida 2004 har nesten heile Sørsida hatt tildeling og forvaltning etter bestandsplan.

% vis avskyting Sørsida



Denne figuren syner avskytingsfordelinga, fordelt på hanndyrandel og andel kalv og ungdyr på Sørsida.

Den er laga for å illustrerer korleis de ligg an i høve enkle tommelfingerreglar for hjorteavskyting.


Jamn kjønnsfordeling og 60 % kalvar og ungdyr i uttaket vert rekna som

”ideelt”.

Som figuren syner har de nå ei svært fin avskyting med 65 % kalv og ungdyr i uttaket (høgst i kommunen) og med 44 % hanndyr (lågast i kommunen). Avskytinga på Sørsida fordelt på kjønn og alder er dermed klart best i kommunen.

Kor mykje hjort ser de under jakta?

sett per time jakta i utmark på Sørsida




Den beste metoden ein har for å registrere korleis storleiken på bestanden varierer, er å sjå på kor mange dyr gjennomsnittsjegeren observerer per jakttime per år. Ein skjel mellom jakt i utmark og jakt på innmark sidan ein jamt over observerer mange gonger så mykje per jakttime på innmark som i utmark.

Slik statistikk treng svært mange observasjonar for å kunne brukast i praktisk forvaltning. Dette vart svært tydeleg på Sørsida i 2007. Den store auken skuldast i hovudsak to jegerar den tida dei sat posteringsjakt i utmark på Sørheim. Sjølv om det sikkert har vorte jakta slik tidlegare, er det ikkje sikkert at det vart levert sett-hjort skjema frå desse før, og dermed har desse observasjonane gitt eit kjempeutslag på sett per time. Faktisk dreg dette opp

snittet til heile kommunen. Sjølv om observasjonane til desse to jegerane gav skikkeleg stort utslag er det likevel riktig å ta det med i statistikken. Me får då håpe at dei same jegerane også neste år fører sett hjort skjema slik at me etter kvart får eit riktigare bilete på utviklinga på sett per time, og dermed utviklinga på tettleiken av hjort.

Men det er sikkert at tettleiken av hjort er svært høg i ein skilde område på Sørsida. For å stabilisere bestanden er det særst positivt at de har så høg avskyting av hodyr. Dette er det viktig å halde fram med. Vidare bør de kanskje legge opp til ei endå høgare avskyting i dei mest hjortetette områda som på t.d. Sørheim og Kroken.

Sett - Hjort bestandsamansetning Sørsida



Det verkar ikkje vere nokre tydelege endringar i bestandssamansetninga på Sørsida. Det er relativt stor overvekt av hodyr i bestanden, tilsvarende det ein finn på Indre Hafslo og området frå Nes til Luster, område som har mykje dyr vinterstid.


I lys av dette må de gjerne ta ut endå fleire hodyr frå bestanden, og samstundes være svært varsam med å ta ut dei beste bukkane.

Tal kalv per kolle er omtrent som snittet i kommunen. I 2007 var dette på 0.67.


Kor lenge er de på jakt?

Det vart i 2007 jakta i 1366 timar på Sørsida og på den tida observerte de 592 dyr. Siden figuren under syner ein nedgang i jaktinnsatsen frå året før, har eg ein mistanke om at me ikkje har fått alle skjemaa, eller at ikkje alle jegerane nyttar sett hjort skjema. Alle jegerane må no nytte sett hjort skjema, og alle skjemaa må sendast kommunen.

Jakttimar Sørsida



Sørsida





	A	B	C	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	AA
1	Hjort 2007																					
2	Sone		Valdnr	Valdeitar fansvarleg		Tilsagn i alt		Tilsagn		Fellingsresultat hann			Fellingsresultat ho			Fellingsstatistikk						
100	Sørsida N. storvald	803*	Ole Martin Bakken	750	46	0	0	27	2007-	4	4	8	6	7	5	34	74%	13	21	47%	71%	1,044
101	Sørsida	812	Björg Kroken	750	7	0	2	5	2007	1	1	0	2	0	2	6	86%	2	4	33%	50%	1,126
102	Sørsida S. Storvald	818*	Mills Kroken	750	47	0	0	47	2007-	7	7	3	8	9	5	39	83%	8	31	44%	62%	1,087
103	Totalt Sørsida				100	0	2	79		12	12	11	16	16	12	79	79%	23	56	44%	65%	1,076
104	Prosentfordeling					0%	29%	71%		15%	15%	14%	20%	20%	15%	422						
105	Totalt i kommunen			666		0	189	456		116	74	65	72	43	52	422	63%	117	305	60%	55%	0,734
106	Prosentfordeling					0%	35%	65%		27%	18%	15%	17%	10%	12%							

Til venstre finn de avskytinga for kvart vald i sona